



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 27.06.2016  
Vår ref.: 2015/8173-281  
Saksbehandlar: ingtakl  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Melding om nyval til utval for kultur, idrett og regional utvikling - fast medlem

Du fekk tidlegare i dag, 27.06.2016, melding om at du hadde fått eit brev i Altinn med same innhald som i dette. Dessverre var det feil namn i mottakarfeltet på det brevet. Du får derfor eit nytt brev med same innhald, men rett namn i mottakarfeltet. Vi beklagar feilen i førre brev.

Du vert med dette varsla om at fylkestinget i møte 15. juni 2016, sak 64/16, valde deg som **fast medlem** til utval for kultur, idrett og regional utvikling for resten av valperioden 2015-2019.

Dersom du meiner at du har rett til å bli fritaken etter kommunelova § 14, må du innan 5 dagar etter at du har motteke dette brevet, senda skriftleg melding til fylkeskommunen. Dersom slik melding ikkje vert sendt i rett tid, vert valet rekna for motteke.

Rett til å krevja fritak etter kommunelova § 14 har den som

1. har gjort teneste som medlem i vedkomande organ dei siste fire åra
2. er medlem av eit parti som er registrert etter partilova kap. 2 dersom valet er gjort på grunnlag av listeforslag som ikkje er sett fram av dette partiet.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*